



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	03.03.2021
Tid:	10:00

Om smittesituasjonen gjeldande koronavirus endrar seg fram til møtet. Kan møte bli endra frå fysisk møte til Teams-møte

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Bjørg Tislevoll
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.01.2021	2019/143	
PS 6/21	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging - handlingsplan	2018/84	
PS 7/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 8/21	Eventuelt	2020/64	
PS 9/21	Konkurransenutsetting av revisjonstenester for Fitjar kommune	2014/34	

Godkjenningssaker
GK 3/21 Godkjenning av innkalling og saksliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/143-13
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	4/21	03.03.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.01.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.01.2021 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	20.01.2021
Tid:	10:00 - 10:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Tislevoll	Leiar	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jostein Skram	Frank Solli	FRP

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS (via Teams)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Bjørg Tislevoll
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og saksliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.2020	2019/143	
Politiske saker			
PS 1/21	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - prosjektplan	2020/204	
PS 2/21	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2020	2020/63	
PS 3/21	Møteplan 2021 for kontrollutvalet	2020/71	
PS 4/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 5/21	Eventuelt	2020/64	
Referatsaker			
RS 1/21	Julebrev fra FKT	2020/70	
RS 2/21	Vedtatt budsjett 2021 for kontrollutvalet - etter handsaming i kommunestyret	2020/174	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.2020

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 27.11.2020.

Vedtak

Protokoll frå møte 27.11.2020 vart godkjent.

Politiske saker

PS 1/21 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 01.02.2021. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 01.07.2021, verifisert og inkludert selskapet og rådmannen sin uttale.

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor presenterte forslag til prosjektplan slik den ligg føre og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet diskuterte budsjett 2021 for kontrollutvalet der kommunestyret hadde redusert budsjettforslaget med kr.155 000,-. I forslag til budsjett frå kontrollutvalet var det budsjettert med kr. 380 483,- kr til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll i 2021. Kommunestyret har løyvd kr. 225 483,-.

Vedtatt budsjett for kontrollutvalet vil ikkje rekke til å gjennomføra denne revisjonen som er bestilt frå kommunestyret. Kontrollutvalet må grunna dette be om ekstramidler til å gjennomføra denne.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 01.07.2021, verifisert og inkludert selskapet og rådmannen sin uttale.
3. Kontrollutvalet ber om ekstra løyving på kr. 100 000 frå kommunestyret for å gjennomføra forvaltningsrevisjonen/eigarskapskontrollen.

PS 2/21 Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2020

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet.

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til forslag til årsmelding 2020 frå sekretariatet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet.

PS 3/21 Møteplan 2021 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2021:

Dato:
20.01.2021
03.03.2021
14.04.2021
12.05.2021
01.09.2021
24.11.2021

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet vart einige om at forslag til møteplan frå sekretariatet kan vedtakast utan endringar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2021:

Dato:
20.01.2021
03.03.2021
14.04.2021
12.05.2021
01.09.2021
24.11.2021

PS 4/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 5/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det var ingen saker til handsaming under eventuelt.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka

Referatsaker

RS 1/21 Julebrev fra FKT

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 2/21 Vedtatt budsjett 2021 for kontrollutvalet - etter handsaming i kommunestyret

Saksprotokoll 20.01.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/84-18
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	6/21	03.03.2021

Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er gjort og vel å lukke saka.

Samandrag

Dette er andre oppfølging av forbetningsarbeidet for denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd kontrollutvalet å lukke saka, ut i frå at kommunen stort sett er i mål med forbetningsarbeidet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 17.06.2020:

«Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet
2. Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing
3. Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for vedtak til politisk nivå.
4. Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «ymse» i dei politiske utvala og korleis dei eventuelt skal følgjast opp av rådmann.
5. Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist.
6. Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handsame byggesaker etter
7. Sørge for at rutinar og/eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om å
 - a) undersøke tilsvarende saker som har vore handsama i kommunen.
 - b) konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen.
8. Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det blir tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.
9. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen første gang i møte 27.11.2020. Dette vart vedteke:

«Vedtak

- 1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.*
- 2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til andre møte i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.»*

Sekretariatet har fått oversendt handlingsplan 23.02.2021, og denne er vedlagt saka.

Ut i frå det sekretariatet kan sjå er kommunen stort sett i mål med forbetningsarbeidet.

Men sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegget, «punkt for punkt».

Konklusjon

Sekretariatet registrerer at kommunen stort sett er i mål med tiltak i handlingsplanen for forvaltningsrevisjonen av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.

Sekretariatet tilrår difor at kontrollutvalet gjer vedtak om å lukke saka.

Kontrollutvalet
P.b. 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref:

Vår ref:
2019/572-2282/2021

Sakshandsamar:
Olaug Haugen

Arkivkode:
217

Dato:
23.02.2021

Oppfølging II av 'Forvaltningsrapport om saksførebuing, byggesaksbehandling og vedtaksoppfølging'

Det gjensto etter førre rapportering til kontrollutvalet i november 2020, tre punkt under oppfølging som no er iverksett:

Pr	Tiltak	Er iverksett	Planlagt iverksett	Ansvar
8	Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal og etablere skriftlege sakshandsamingsrutiner		Ny mal for «saksdokument» til politiske utval er laga, og trer i kraft 01.04.21. Rettleiing vert gitt av rådmann i mars -21	Rådmann og leiar for kundetorget
6	Sørge for at rutiner og/ eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om <ul style="list-style-type: none"> a) Tilsvarande tidlegare saker b) Konferere med relevante einingar i kommunen 	Dette er etablert praksis frå 01.01.21 og innarbeida i sjekklister for byggesakshandsaming		Rådmann og avdelingsleiar plan
7	Sørge for at rutinane for kvalitetsikring blir utbetra slik at det vert tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg	Rutine er innarbeida. Alle saker vert lest gjennom og kvalitetssikra av leiar på avdelinga. Alle politiske saker vert gjennomgått og godkjent av rådmann.		Avdelingsleiar plan

Etter dette er handlingsplanen iverksett i sin heilskap.

Med helsing
Fitjar kommune

Olaug Haugen
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/138-13
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	7/21	03.03.2021

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemane vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	24.02.21
Formannskapet	17.02.21
Utval for plan og miljø	02.02.21
Utval for oppvekst og omsorg	10.02.21
Viltnemnda	Ingen nye møter

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går frem av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/64-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	8/21	03.03.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/34-50
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	9/21	03.03.2021

Konkurransetsetting av revisjonstenester for Fitjar kommune

Forslag til vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å presentere og drøfte sekretariatet sitt forslag til evaluering av innkomne tilbod på kjøp av revisjonstenester for Fitjar kommune for perioden 01.07.2021 til 30.06.2025. (I konkurransegrunnlaget er det bl.a. informert om dette: «Kommunane Stord og Fitjar vurderer for tida revisjonsordning, og kan dermed få behov for å avslutte avtalen før avtaletida sitt utløp med 6 månaders varsel.»)

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Fitjar kommune vedtok 30.09.2020 å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre prosessen for å få gjennomført konkurranse om val av revisor. Det var i sak PS 64/2020 protokollert slikt vedtak:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Kontrollutvalet handsama forslag til konkurransegrunnlag i møte 21.10.2020 (PS 30/20), der denne vart godkjent.

Kommunestyret fatta dessutan slik vedtak 07.12.2020 i sak PS 85/2020:

1. *«Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.*
2. *Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Fitjar kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.*
3. *Fram til ny vurdering, held Fitjar kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.»*

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Anbudsfristen gjekk ut 26.01.2021 kl. 12.00 for tilbod på kjøp av revisjonstenester for Fitjar kommune for perioden 01.07.2021 til 30.06.2025. (I konkurransegrunnlaget er det bl.a. informert om dette: «Kommunane Stord og Fitjar vurderer for tida revisjonsordning, og kan dermed få behov for å avslutte avtalen før avtaletida sitt utløp med 6 månaders varsel.»)

Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. I dette arbeidet har sekretariatet nytta jurist i innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune som rådgjevar. Denne juristen rapporterer i denne saka til sekretariatet og ikkje til fylkesrådmannen.

Tanken er at vårt forslag til evaluering skal presenterast for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av denne presentasjonen bør utvalet i møtet gjera si eiga vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag fram mot innstillinga til kommunestyret, som skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Konklusjon

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet må difor lukkast med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Dette er eit arbeidsmøte, og saka vert derfor lagt fram utan forslag til vedtak.